

# Vinter

## Program

### Måndag:

#### Bli kjent

Elevane blir møtt med varm lunsj når dei kjem til Stryn leirskule kl. 12.00.

Etter lunsjen går vi gjennom program, reglar og generell info om veka.

Vekas første aktivitetsøkt er skiteknikk og skileik utanfor leirskulebygga. Her blir vi kjent med kvarandre før vi går ein liten tur mot Sølvbergstøylen. Etter middag blir det infomøte med lærarane medan elevane får innføring i kart og kompass.

### Tysdag

#### «Survive»

For å "overleve" dagen må gruppene samle inn ein viss poengsum.

Gruppene skal finne postar, samle poeng, rekne tid og ikkje minst samarbeide og hjelpe kvarandre. Her skal det brukast kart og kompass.

Kjem di gruppe til å overleve? Heile dagen går føre seg i vakker natur i området bak leirskulen. Dette er ein dag som gir stort engasjement og mykje læring.

Etter middag styrer leirskulelærar aktivitetar ute for dei som ynskjer å delta. Her er det kjekt å ha lykt! Skiløypene ligg klare, og med god belysning er det gode moglegheiter for langrenn, aking, hopp og leik rundt leirskulen på kveldstid.

### Onsdag:

#### «Winter games»

Det er musikk på anlegget, felles innmarsj og ein kommentator i tårnet som lager god stemning på sletta! Med base i hoppbakken skal vi lage til leikar og konkurransar som vil utfordre balanse, samarbeid, tøffheit, koordinasjon og ikkje minst lattermusklane. Både ski, akebrett, luftgevær og ballar vil bli brukt for å løyse oppgåvene. Vi garanterer at alle skal oppleve meistring og glede denne dagen. Har du prøvd menneskecurling på ski? Berre å glede seg!

Vi tek lunsjen ute over opent bål. Etter lunsj kan ein velje mellom ulike aktivitetar og konkurransar.

På kvelden blir det diskotek.

### Torsdag

#### Topptur/skitur

Denne dagen prøver vi oss på Bergsetnakkjen som ligg 1133 moh. Ein flott

tur som ved fint ver gir fantastisk utsikt og meistringsoppleveling utan like. Det blir premie for dei som ikkje trynar på returnen ned att! Dei som vil gå ein mindre krevjande tur går på langrenn til Nåsekleiva som byr på fine spor heile vegen og ei flott utsikt over Nordfjorden. Kvelden beveger vi oss opp til villmarksleiren som ligg 10 min frå senteret. Her blir pizza varma på bål og underhaldningsbidrag frå både leirskulelærar og elevar. Det er moglegheit for elevane å sove ute i gapahuk/villmarksleiren siste natta. Leirskulelærarane har ikkje høve til å vere med så her må eigne lærarar trå til.

**Fredag:**

Vi bruker siste dagen til pakking, rydding/vasking og uteleik. Vi avsluttar med varm lunsj før heimreise kl. 12.00.